



FAKTA:

i

Kommunereforma

- Hausten 2014 vart alle kommunane bedne om å vurdere samanslåing med nabokommunar.
- Fylkesmannen har fått ansvar for å setje i gang dei regionale og lokale prosessane.
- Førre store kommunereform skjedde etter Schei-komiteen sitt forslag på 1960-talet. På ti år blei kommunetalet redusert frå 744 til 454.
- Det er i dag 428 kommunar i Noreg.
- Oppgåvene til fylkeskommunane skal også vurderast.

Prosessene vidare

- Vår 2015: Regjeringa legg fram forslag til nye oppgåver til kommunane.
- Vår 2016: Siste frist for svar frå kommunane. Kommunar som vert einige om samanslåing hausten 2015, kan no verte vedtekne på nasjonalt nivå.
- Vår 2017: Regjeringa legg fram eit samla forslag til ny kommunestruktur. Her kan dei også foreslå samanslåing av kommunar som ikkje ynskjer det sjølv.
- Haust 2017: Stortingsval og mogleg ekstraordinært val til nye kommunestyre.
- Januar 2018: No kan samanslåingane tre i kraft for dei kommunane som er tidleg ute med å bli einige.
- Januar 2020: Departementet ynskjer at samanslåingane skal tre i kraft seinast denne datoen.

Kjelde: regjeringen.no

viskast vekk

eksempel, men kjem ikkje med konkrete forslag til oppgåver. Kommunane vil dermed snarast få tydelege signal i mars, når regjeringa skal leggje fram ei stortingsmelding om temaet.

Eitt år

– Der vil vi presentere nye oppgåver for kommunane, lover kommunalminister Jan Tore

Sanner.

Når forslaget frå regjeringa kjem, har kommunane om lag eit år på seg til å svare på om det er aktuelt å slå seg saman med nabokommunar. Regjeringa ynskjer at kommunane skal bli einige innan våren 2016. Regjeringa kan likevel kome med andre forslag enn det kommunane sjølv ynskjer, når dei våren 2017

skal leggje fram ein samla proposisjon om ny kommunestruktur.

Men Jan Tore Sanner vil heller snakke om frivilligheit enn om tvang.

– No er det allereie 250 kommunar som har starta naboprapten, og eg ser at ordførarar i heile landet tar leiaransvar. Eg trur dei ser at kommunesamanslåing kan

setje dei betre i stand til å løyse oppgåver. Dei ser at dei står framfor ein del utfordringar som ikkje går over. Vi har tilbydd gode økonomiske verkemiddel for å sikre dei ein god start, seier han.

Dei økonomiske verkemidla går til kommunane som følgjer tidsplanen til regjeringa og får til eit nasjonalt vedtak om saman-

slåing innan 2018. Kommunane får meir i støtte jo større dei blir.